



FITJAR

Hordaland fylkeskommune

Dykkar ref:
2015/10633

Vår ref:
2017/107

Sakshandsamar:
Svein Dale Soleng

Arkivkode:
N00

Dato:
03.04.2017

Høringsinnspel Regional transportplan Hordaland 2018-2029

– Fitjar kommune er positiv til at fylket tek mål av seg til å arbeide strategisk for å best mogleg kunne utvikle samferdsla og regionsentra i regionen, og meiner transportplanen med sine mål, strategiar og handlingsprogram for neste fireårs periode omhandlar det som synest å vera dei viktigaste oppgåvene framover.

Kommunen vil likevel peika på, og kommentera, nokre område ein meiner er særleg viktige framover og som gjerne bør koma klarare fram i planstrategien:

- Under strategiar for utvikling av fylkesvegnettet bør ein ta med at nye investeringstiltak på det overordna fylkesvegnettet også skal gjelde investeringar for å redusere reisetida. I tillegg til å bli tatt inn som ein strategi, bør ei utgreiing av kva for investeringstiltak på det overordna fylkesvegnettet som mest kostnadseffektivt kan redusera reisetida, inkluderast som eit tiltak på handlingsprogrammet.
- Det er satt av om lag like store andalar av midlane for dei fire neste åra til Bergenspakken og det øvrige fylkesvegnettet, om lag MNOK 1 100 til kvar. Ein større del av desse midlane burde vore sett av til fylkesvegnettet utanfor Bergenspakken.
- Under strategiar for kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport bør ein opprette eit eige punkt for snøggbåt, med mål om å etablere nye ruter til og frå regionsentra og mellom tettstadane i regionen. I handlingsprogrammet bør ei utgreiing med fokus på pendling og reiseliv bli tatt inn som eit tiltak.
- Under strategiar for kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport bør ein opprette eit eige tiltak i handlingsprogrammet for utgreiing av kostnaden og samfunns- og miljøgevinsten ved å oppretthalde kollektivtilbodet på pendlarrutene utanfor skuleferiane. Kontinuitet i rutetilbodet vil kunne føre til at fleire vel kollektivtransport framfor privatbil, og gjer det meir attraktivt å arbeide utanfor regionsentra.
- I handlingsprogrammet bør det inkluderast eit tiltak om utgreiing av kollektivtransporttilbod for arbeidande. Utgreiinga bør gjelde både rutetilbod i skuleferiar og reiser til og frå regionsentra og mellom tettstadane i regionen og kommunenesenter.

Rådmannen
Fitjar kommune
Org.nr. 944 073 310

Postboks 83, 5418 FITJAR
E-post: fitjar@fitjar.kommune.no
Telefon: 53 45 85 00
Direktelf.

Med helsing
Fitjar kommune

Atle Tornes
Rådmann

Svein Dale Soleng
Ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur